


Protokollar

2004

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR tirsdag 21.06.05 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 18.00

Møtet slutta kl. 19.00

Desse møtte:

Gudny Fagerhol

Per Vatne

Signe Turid Barstad

Nils Trovåg

Marthe Styve Holte

Knut Steinsvik

Ann Britt Våge Fannemel møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen., Vagleik Hustadnes og Oddrun Aarflot melde avbud. Vara for desse er Hans Sundal og Per Aambakk. Dei vart ikkje innkalla då begge har flytta frå Volda.

Gudny Fagerhol leia møtet.

Marte Styve Holte og Nils Trovåg vart valt til å skrive under møteboka.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

REP. SAK NR 01-05: REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2004

VEDTAK (6 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å overføre overskotet, stort kr 1.859.024,- slik:
Til bunde fond slambehandling kr 363.929,-
Til bunde fond hushaldningsrenovasjon kr 599.171,-
Til annan eigenkapital kr 895.924,-
3. Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding dagsett 31.03.04 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Saka vart samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

REP. SAK NR 02-05: REVIDERT BUDSJETT 2005

VEDTAK (6 RØYSTEFØRE)

Representantskapen godkjenner den reviderte budsjett oppsett pr aktivitetsområde slik det ligg føre.

Handsaminga:

Saka vart samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

REPSAK NR 03-05: ØKONOMIPLAN 2006-2009

VEDTAK (6 RØYSTEFØRE)

Representantskapen vedtek slik økonomiplan for VØR for perioden 2006 – 2009.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år Investering</i>	
a) Kjøp av større innsamlingsbil - sidelastar hushaldningsrenovasjon i 2006	Kr 0,-	Kr 1.500.000,-
b) Utskifting av hjullastar i andre halvår 2006	Kr 0,-	Kr 1.200.000,-
c) Kjøp av om lag 25 daa med grunn for å sikre areal til ekspansjon, handsaming av hageavfall og slam i 2007. Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Kr 30,-	Kr 6.500.000,-
d) Etablering av slambehandlingsanlegg og anlegg for kompostering av hageavfall i 2008 Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Gjeld slamgebyret Kr 100,-	Kr 2.000.000,-
e) Innføring av eigen avfallsdunk for våtorganisk avfall i 2009. Tiltaket føreset nærare vurdering før det kan settast i verk	Kr 0,-	Kr 1.000.000,-

Handsaminga:

Saka vart samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

REP SAK NR 04-05: FASTSETJING AV GODTGJERSLE TIL SELSKAPET SINE TILLITSVALDE

VEDTAK (6 RØYSTEFØRE)

Representantskapen har denne gangen ikkje forslag til endra satsar.

Handsaminga:

Samrøystes etter forslag frå Gudny Fagerhol

REP SAK NR 05-05: VAL AV STYRE

VEDTAK (6 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen vel slike medlemmar til styret i VØR

Ivar Aarskog frå Ørsta med Monica Ryste Barstad som personleg varamedlem

Ove Lid frå Volda med Solfrid Førde som personleg varamedlem

Reidun Vigestad Berge frå Ørsta med Bjarte Roth som personleg varamedlem

Ann Britt Våge Fannemel frå Volda med Roger Nedreklepp som personleg varamedlem

2. Representantskapen vel av disse

Ann Britt Våge Fannemel til leiar av styret

Ivar Aarskog til nestleiar av styret

Handsaminga:

Samrøystes etter framlegg frå Gudny Fagerhol

REP SAK NR 06-05: VAL AV REVISOR.

VEDTAK (6 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen vel Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS som revisor for rekneskapsåret 2005.


Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

REP.SAK NR 07-04. DRIFT AV VØR - ORIENTERING.

Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift. Representantskapen tok orienteringa til vitande.

Rett utskrift 21.06.05


Gudny Fagerhol
Leiar


Marte Styve Holte

Nils Trovåg



Petter Bjørdal
referent



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR tirsdag 26.10.04 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 16.45

Desse møtte:

Gudny Fagerhol

Per Vatne

Signe Turid Barstad

Nils Trovåg

Vigleik Hustadnes

Ann Britt Våge Fannemel møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen. Marthe Styve Holte, Knut Steinsvik, Oddrun Aarflot melde avbud. Turid Krumsvik, Reidun Heimen Heltne vart innkalla men kunne ikkje møte. Gudny Fagerhol leia møtet.

Signe Turid Barstad og Per A. Vatne vart valt til å skrive under møteboka.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R.SAK 06-04. FRAMTIDIG ORGANISERING AV VØR.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen opprettar med visning til endra forureiningslov, eit selskap som skal drive med næringsstavsrenovasjon frå 01.01.2005 med aksjekapital på kr 500.000,-.

2. Representantskapen ber styret utarbeide avtalar mellom VØR og det nye næringsstavsrenovasjons selskapet, tråd med krav i lovverk og administrasjonen sin saksutgreiing.

Handsaminga:

Repskapsleiar, styreleiar og dagleg leiar orienterte om møte med Salten Forvaltning. Saka vart samrøystes vedteke.

R.SAK 07-04. BUDSJETT 2005 - VØR

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Representantskapen vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2005.

Alle summer ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1950,-
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 2340,-
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 4260,-
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1760,-
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent	kr 1870,-
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent	kr 2090,-
g) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent	kr 2200,-
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 644,-
i) Renovasjon hyblar	kr 1170,-
j) Henteavtale kvar veke	kr 379,-
k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 230,-

1.2 SLAM

	HEILÅRSBUSTAD.	FRITIDSBUSTAD
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 745,-	kr 373,-
b) Gebyr for to husvære m. tank inntil 7 m3	kr 1180,-	kr 590,-
c) Gebyr for 3 husstandar m tank inntil 10 m3	kr 1760,-	kr 880,-
d) Gebyr for årleg tøming av tank inntil 4,5 m3	kr 1490,-	
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3	kr 360,-	

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.3. Pris pr kolli sekk: kr 49,-

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

REP.SAK 08-04. DRIFT AV VØR - ORIENTERING.

Dagleg leiar svarte på grunnmitt spørsmål frå Vigleik Hustadnes. Deretter orienterte han om VØR sin drift. Representantskapen tok orienteringa til vitande.

Rett utskrift 26.10.04
Gudny Fagerhol
Gudny Fagerhol
Leiar

Per A. Vatne
Per A. Vatne

Signe Turid Barstad
Signe Turid Barstad

Petter Bjørdal
Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 31.03.05
Møtet tok til 16.15
Møtet slutta 18.30

Desse møtte:
Ann Britt Våge Fannemel
Ivar Aarskog
Ove Lid
Reidun Vigestad Berge
Ove Myklebust
Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.
Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.
Sak 07-05 og sak 10-05 vart delt ut på møtet, i tillegg til korrigert resultatframstilling for år 2004 i sak 08-05. Ove Lid og Gudny Fagerhol gjekk etter handsaming av sak 08-05.

SAKLISTE:

SAK 06-05. REFERATSAKER

- Brev Ivar Ulvestad

SAK 07-05. KLAGESAK Gnr Bnr 15/217

Styret i VØR viser til klage på vedtak av 13.02.05 og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

I samsvar med forvaltningslova §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til klageutvalet for VØR-saker, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til klageutvalet.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 08-05. ÅRSMELDING 2004.

Styret godkjenner den framlagde årsmelding slik den ligg føre. Styret ber om at den blir lagt fram for styret på nytt, etter at revisjonen har revidert rekneskapen.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK NR. 09-05 PÅBYGGING AV KONTORFLØY

Styret vedtek å bygge på ei kontorfløy til administrasjonsbygget. Styret ber om at saka vert lagt fram på nytt for endeleg godkjenning og finansiering.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke etter fellesframlegg. Styret var på synfaring i saka.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek å bygge på ei kontorfløy til administrasjonsbygget innafør ei ramme på kr 3,5 mill. inkl mva

Tiltaket vert å finansiere med unytta lånemidlar og overskot frå 2004.

SAK 10-05. ORGANISASJONSENDRING VØR

Styret godkjenner organisasjonsendring i VØR frå 01.05.05

Forhandlingsutvalet får fullmakt til å forhandle fram vilkår for stillinga.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 31.03.05


Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar

 
Ivar Aarskog Ove Myklebust

Ove Lid


Petter Bjørdal referent


Reidun Vigestad Berge

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 02.12.04

Møtet tok til 16.15

Møtet slutta 16.40

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ivar Aarskog

Ove Lid

Reidun Vigestad Berge

Ove Myklebust

Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

SAKLISTE:

SAK 26-04. REFERATSAKER

- Avtale om sluttarbeid til Volda Maskin
- Orientering om drifta i KMS av Ivar Aarskog

SAK 27-04. KJØP AV AKSJAR I RETURA

Styret vedtek å kjøpe aksjar i Retura AS for kr 66.000,- i tråd med tilbodet til Retura AS av 01.12.04.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 28-04. REKNESKAPEN FOR 2004 PR 31.10.04 – MELDING TIL STYRET

Styret tar rekneskapsrapporten til etterretning.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)


Handsaminga.


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 02.12.04


Ann Britt Våge Fannemel

Styreleiar


Ove Lid


Petter Bjørdal referent


Ivar Aarskog


Ove Myklebust


Reidun Vigestad Berge

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 07.10.04
Møtet tok til 16.00
Møtet slutta 20.30

Desse møtte:
Ann Britt Våge Fannemel
Ivar Aarskog
Ove Lid
Ove Myklebust
Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Reidun Vigestad Berge melde fråfall. Bjarte Roth var innkalla som vara men kunne ikkje møte.

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Sakliste vart godkjent med sakene 21 og 24-04. Sak 24 – 04 vart sett opp på saklista før sak 23-04.

Gudny fekk permisjon etter handsaming av sak 22-04. Ove Myklebust fekk permisjon etter sak 24-04.

SAKLISTE:

SAK 21-04. REFERATSAKER

- Anbud innsamling av hushaldningsavfall i Vanylven
- Brev frå Brønnøysundregistera
- Arbeidstid på VØR
- Kopi av artikkel i Yrkesbil
- Årsrekneskap KMS
- Høstkonferanse i Ålesund
- NRF Nytt 04-04
- Avfallsmengder pr juli-04
- Utklipp frå statsbudsjettet om avfallssatsing -05
- Lokale forhandlingar 2004 (Ove Myklebust gjekk ifrå i handsaminga)
- Muntleg orientering om krav frå Volda Maskin

SAK 22-04. FRAMTIDIG ORGANISERING AV VØR.

Styret sin tilråding til vedtak:

1. Representantskapen opprettar med visning til endra forureiningslov, eit selskap som skal drive med næringslivsrenovasjon frå 01.01.2005 med aksjekapital stor kr 500.000,-
2. Representantskapen ber styret utarbeide avtalar mellom VØR og det nye næringssselskapet i tråd med krav i lovverk og administrasjonen sin saksutgreiing.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 23 - 04. BUDSJETT 2005 - VØR.

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2005.

Alle summar ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1950,-
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 2340,-
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 4260,-
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1760,-
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent	kr 1870,-
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent	kr 2090,-
g) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke intil 140L; pr abonnent	kr 2200,-
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 644,-
i) Renovasjon hyblar	kr 1170,-
j) Henteavtale kvar veke	kr 379,-
k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 230,-

1.2 SLAM

	HEILÅRSBUSTAD.	FRITIDSBUSTAD
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 745,-	kr 373,-
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1180,-	kr 590,-
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1760,-	kr 880,-
d) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3		kr 1490,-
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3		kr 360,-

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.3 Pris pr kolli sekk: kr 49,-

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 24-04. REKNESKAPEN FOR 2004 PR 31.08.04 – MELDING TIL STYRET

1. Styret tar rekneskapsrapporten til etterretning.
2. Styret ber administrasjonen legge fram ny rekneskapsrapport pr 31.10.04

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke. Styreleiar fremja nytt punkt to i saka.

SAK 25-04. JULEBORD 2004

Styret tilbyr dei tilsette å reise på julebord på Parken Hotell den 4-5/12. Tilbodet gjeld styre, repskapsleiar og dei tilsette med ledsagar.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga til styreleiar.

Rett utskrift 07.10.04


Ann Britt Våge Fannemel

Styreleiar


Ove Lid


Ivar Aarskog Ove Myklebust


Petter Bjørdal referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 24.06.04
Møtet tok til 16.00
Møtet slutta 17.30

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ove Lid

Bjarte Roth

Ove Myklebust

Ivar Aarskog, Gudny Fagerhol (Utar i rep-skopen)

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Reidun Vigestad Berge melde fråfall. Bjarte Roth møtte som vara. Ove Lid fekk permisjon under handsaming av sak 20-04. Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Sakliste vart godkjent med sakene 19 og 20-04.

SAKLISTE:

SAK 19-04. REFERATSAKER

- Referatsaker - Referat ferdigsynfaring
- Krav om tillegg – Volda Maskin
- Nye forskrifter – handsaminga i kommunene (muntleg orientering)

SAK 20-04. ANBOD INNSAMLING AV HUSHALDINGSAVFALL I VANYLVEN.

1. Styret vedtek å be administrasjonen om å levere inn anbod på renovasjon i Vanylven
2. Styret ber administrasjonen førebu sak på eventuell anna organisering av VØR med eit skille mellom konkurranseutsett verksemd og monopolverksemd.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 24.06.04


Ann Britt Våge Fannemel


Styreleniar


Ove Lid


Bjarte Roth


Petter Bjørdal referent


Ove Myklebust


IVAR AARSKOG

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 26.05.04

Møtet tok til 16.00

Møtet slutta 17.30

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ove Lid

Reidun Vigestad Berge

Ove Myklebust

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Ivar Aarskog melde forfall.

Monika Ryste Barstad vart kalla inn som vara, men møtte ikkje.

Gudny Fagerhol (leiar i representantskapen) melde fråfall.

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Sakliste vart godkjent med sakene 14 – 17-04. Etter møtet tok styret synfaring på uteområdet.

SAKLISTE:

SAK 14-04. REFERATSAKER

Følgjande saker vart referert:

- Byggemøtetreferata 10, 11 og 12 og førebels byggsynfaring 24.05.04
- Åmbøhola – Miljøfagleg vurdering
- Inspeksjonsrapport Fylkesmannen 01.04.04
- Offentleg anskaffelsar – kjøp av diesel
- Investeringar 2004 oppdatert oversikt pr 30.04.04
- Endra ruter pr 20.06.04

SAK 15-04. REKNESKAPEN FOR 2004 PR 30.04.04 – MELDING TIL STYRET

Styret tar rekneskapsrapporten til etterretning.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 15-04. KJØP AV AKSJAR I REKOM

Styret vedtek å kjøpe 30 aksjar i REKOM AS til kr 1750.- pr aksje

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.


SAK 16-04 Endra forskrift for farleg avfall - konsekvensar

Saka var drøftingssak og gav ikkje høve for vedtak.

SAK 18-04 OPEN DAG

Saka vart drøfta.

Rett utskrift 26.05.04



Ann Britt Våge Fannemel

Styreleiar


Ove Lid


Reidun Vigestad Berge


Ove Myklebust


Petter Bjørdal referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 22.03.04
Møtet tok til 15.30
Møtet slutta 19.00

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel
Bjarte Roth
Ivar Aarskog
Ove Myklebust

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Reidun Vigestad Berge melde fråfall, og Bjarte Roth møtte som vara. Gudny Fagerhol (leiar i representantskapen) melde fråfall. Ove Lid møtte ikkje.

Styret tok synfaring på uteområdet før møtet tok til. Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Sakliste vart godkjent med sakene 09 – 13.04.

SAKLISTE:

SAK 09-04. REFERATSAKER

Følgjande saker vart referert:

- Byggemøtereferat 05-09
- Støtte til avlastningsenhet..
- Firmaattest

SAK 10-04. GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2003.

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å sette av overskotet, stort kr 1.092.672,- til bunde fond – etterdriftstiltak for deponi.
3. Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding dagsett 22.03.04 slik den ligg føre.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 11-04. REVIDERING AV BUDSJETT 2004.

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapen godkjenner den reviderte budsjett oppsett pr aktivitetsområde slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek at VØR frå 2004 skal ha som mål å levere konkurransedyktige produkt til sine kundar i tråd med selskapsavtalen for Volda og

Ørsta Reinhaldsverk IKS § 4.2. Vidare har VØR høve til å drive med overskot på næringsavfallet i tråd med intensjonane i forureiningslova.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK 12-04. INVESTERINGAR 2004.

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:
Representantskapen godkjenner ei låneramme stor kr 7.500.000,- til investeringar i 2004.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK 13-04. GODTGJERSLE TIL SELSKAPET SINE TILLITSVALDE 2004.

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:


Godtgjerdslene til styret og representantskap:

- a) Medlem av styret skal ha ei møtgodtgjersle på 3 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle
- b) Leiar av styret skal ha ei møte og leiar godtgjersle på tilsaman 5% av ordførar I Ørsta si godtgjersle
- c) Medlemar i repskapen skal ha ei møte og leiar godtgjersle på 1 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle .
- d) Leiar av representantskapen skal ha ei møte og leiar godtgjersle på tilsaman 4% av ordførar i Ørsta si godtgjersle.
- e) Varamedlemar til styret får ei godtgjersle på 500,- kr pr møte
- f) Varamedlemar til representantskapen får ei godtgjersle på 300,- kr pr møte
- g) Ved fråvær på 25% eller meir vert godtgjersla for faste medlemar redusert tilsvarande.
- h) Godtgjerslene skal utbetalast i desember kvart år.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.
Vedteke etter fellesframlegg.

Rett utskrift 22.03.04


Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar

 
Ivar Aarskog Ove Myklebust


Bjarte Roth


Petter Bjørdal referent